



Rebekka, Lasse og Robert klare for opptak på Dønhaug

**Du må skriva at programmet får ein vakker ramme frå Uskedalen. Det sa trubadur og lærar i musikk på Fjell ungdomskule Robert Smith-Hald då han i dag skulle intervjuast om sitt mangfaldige liv av NRK Hordaland på Dønhaug. 20 minuttar om mannen som braut med ei sekt i Pennsylvania, USA og flytta til Bergen i Noreg skal inngå i serien Underveis. Sansynleg sendedato er 11. april i NRK 2 og så kjem det reprise i NRK 1.**

Dønhaugdagen i dag er like allsidig som Robert sjølv. Etersom han er Noregsmeister i ølbrygging stilte Humlepungen Bryggjarlag opp til brygging allereie klokka 9 i dag og starta den omstendelege prosessen som Robert er ekspert på.

Sjølv kom han saman med lydmannen sin, Paul Inge Vikingstad frå Os og NRK-teamet Rebekka Nedregotten (journalist) og Lasse Wallace (foto og regi) og fleire intervjuutttar vart gjort unna. Ein av dei var framfor grua.

Tidlegare har dei intervjuja han i arbeidssituasjonen på skulen og i kveld vil dei gjera opptak med han under konserten i kjedlaren.

Då vil han mellom anna gje smakebitar frå CD-en som han spela inn i Nashville i sommar og som han vil sleppa på Dønhaug i april. Etter mange konsertar her har han vorte sterkt knytt til staden og Uskedalen og var ikkje sein om å gå inn for Dønhaug som opptaksstad.

Robert har stått på arbeidslista til NRK Hordaland i 4-5 år fortel Rebekka. Magasinserien Underveis handlar om menneske som har opplevd eit vendepunkt i livet.  
- For meg har også Uskedalen vore eit vendepunkt, seier Robert som fortel om livet sitt i mange av låtene sine.

Under konserten i kveld blir det ikkje plass til fleire enn 50 grunna TV-opptaket, men det er framleis plass. Teamet lovar mykje Uskedalsreklame i innslaget og det er ingen grunn til å betenke seg. Ein kjem ikkje på skjermn hvis ein ikkje vil.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen